

JULIE ODLAND SKARE

Mobilnummer **E-postadresse**
990 36 683 julskare@gmail.com

Kontonummer **** ** 82350

Vedtaksdato	Vedtaket er gjort av	Søknadsdato	Vår referanse
02.09.2022	Alver kommune	22.03.2022	2022/2657, Agros 186386

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Tilrettelegging for sau

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 52 305 kroner i tilskot til JULIE ODLAND SKARE til Tilrettelegging for sau. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 31.08.2025.

Alver kommune viser til søknad av 22.03.2022.

Bakgrunn i saka

JULIE ODLAND SKARE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 22.03.2022. Du søker om totalt 52 305 kroner i tilskot for tiltak perioden 15.03.2022-15.03.2025. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 104 610 kroner.

Det er søkt om tilskot til å sette opp 937 meter gjerde rundt beiteareal, 2 køyregrinder, 2 ganggrinder og ein gjerdeklyvar. Arealet som skal gjerdast inn er 12,3 daa innmarksbeite, 3 daa fulldyrka areal og omlag 17 daa som i dag er klassifisert som produktiv i skog i gardskart. Det er også søkt om tilskot til rydding av 12 daa beitemark i det samme området, samt til rydding rundt ei gammal tørrmura smie. Beitet er attgrod med mykje eik og andre lauvtre. I området kring smia er det store grantre og anna skog. Garden har vore ute av drift i lang tid. Søkar kjøpte garden i 2021 og er i gang med førebuing til oppstart med sau.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. I medhald av gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune er inngjerding og rydding av innmarksbeite, inkludert utviding av eksisterande beiteområde, prioriterte område. Tiltak hos nye bønder dei første 5 åra etter overtaking er og prioritert fordi det ofte er i denne perioden det er størst trond for investeringar. Arealet der det er søkt om tilskot til beiterydding står som innmarksbeite/ fulldyrka jord i gardskart, men er i dag prega av attgroing.

Administrasjonen meiner at størstedelen av området som skal gjerdast inn kan klassifiserast som gammal kulturmark. I sør-vest har omlag 6 daa av det som no står som skog tidlegare vore overflatedyrka jord (jf. flyfoto 1966 og Økonomisk kartverk). Arealet ber framleis preg av beiting/ slått og har potensiale til å bli godt beite raskt. I nord-aust vert det tatt med ein liten teig som har vore skog sidan 60-talet (omlag 3,5 daa). Administrasjonen meiner at det er naturleg å la gjerdetraséen gå gjennom skogen for å få eit litt større beiteareal. Den omsøkte gjerdetraséen vil gje eit godt beiteområde med variasjon mellom grasmark og mindre område med skog der dyra kan søke ly. Gjerding og bruk som beite vil hindre attgroing og bidra til å halde kulturlandskapet i hevd. Inngjerding av fulldyrka mark er i utgangspunktet ikkje prioritert etter lokale retningslinjer. I denne saka er det naudsynt å ta med den fulldyrka jorda i beiteområdet for å kunne laga ein korridor bort til løa. Dette vil gjera det mogleg å legga til rette for føring under tak i løa. Den fulldyrka jorda har vore ute av drift i lang tid og er per i dag lite aktuell å bruke til slåttemark. Landbruksavdelinga godkjenner derfor heile gjerdetraseen som omsøkt.

Det er søkt om tilskot til beiterydding på 12 daa. Området som er teikna inn på kart i søknaden har i følge gamle flyfoto tidlegare vore eit open beite landskap, men er i dag prega av attgroing. Størstedelen av området er registrert som innmarksbeite i gardskart. Administrasjonen har vedtatt å løyve tilskot til rydding av heile arealet slik det er omsøkt.

Det er vidare søkt om rydding av tre rundt ei gammal tørrmura smie som ligg i beitemarka. Tørrmura bygg er karakteristiske landskapsselement i kommunen. Rydding av tre rundt slike bygg er viktig og bør vere første priorititet for å hindre vidare forfall og skade på murverket. Restaurering og/ eller rydding langs tørrmurar og småhus er prioritert etter SMIL-strategien for Alver og administrasjonen har vedtatt å gje tilskot til dette tiltaket som omsøkt.

Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 12 000 til beiterydding og inntil kr 37 480 til oppsetting av 937 meter gjerde rundt beiteareal på GBNR 340/4 som vist i kart som ligg ved søknaden. Det vert og løyvd inntil kr 2575 til grinder og gjerdeklyv, og inntil kr 250 til rydding rundt smia.

Kommunen nyttar standard sats for kostnad til gjerding på kr 80 per løpmeter. Standard sats for kostnad til grind er kr 700 for ganggrind og 1500 for enkel køyregrind.

Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Gjerding 937 m * 80 kr/ m	74 960 kr
Køyregrind 2 stk * 1500 kr/ stk	3000 kr
Ganggrind 2 stk	1400 kr

Gjerddeklyv	750
Beiterrydding 12 daa * 2000 kr/ daa	24 000
Rydding rundt smia	500
Sum kostnad	104 610
Tilskot 50% av kostnad	52 305

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 52 305 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 31.08.2025. Dersom du ikke overheld fristen, fall tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjøre før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Gjerde skal vera permanent med gjerdenot, toppstreng og bendsletråd.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbrukskaffen.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid
- Bilag på innkjøpt materiell
- Foto av utført tiltak

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar underveis i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtjør framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 104 610 kroner. Utbetalalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjøre kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalet tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikke gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan også be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge